

Fra: Berit M Eskeland
Sendt: 31. januar 2019 09:44
Til: 'Dag.Dalland@erstad-lekven.no'
Emne: Mangler i gravesøknad

Hei,

Viser til søknad om graveløyve. Søknaden innheldt fleire mangler.

Fleire punkt under mangler avkryssing:

Som entreprenør er eg kjend med dei plikter som gjeld for undersøking på gravestaden. Det er sett kryss for dei type anlegg som finst på staden:

<input type="checkbox"/> EI-kabel	<input checked="" type="checkbox"/> Vassleidning	<input type="checkbox"/> Signalkabel	<input type="checkbox"/> Kulturminne
<input type="checkbox"/> Telekabel	<input type="checkbox"/> Avløpsleidning	<input type="checkbox"/> Polygonpunkt	<input type="checkbox"/> Gass
<input type="checkbox"/> TV-kabel	<input type="checkbox"/> Gassleidning	<input type="checkbox"/> Grøntanlegg	<input type="checkbox"/> Anna: _____

Nødvendige opplysningar og direktiv om anlegga er innhenta og varsel om graving er gitt. (kryss av)

Arbeida skal utførast etter «Retningsliner for graving i offentleg veg – og gategrunn», godkjent i kommunestyret i Meland 17.06.2015, og etter tilvisning av vedrørte partar. Eg godtar dei plikter som arbeid i offentleg veg medfører etter nemnde retningsliner. Godkjend plan for arbeidsvarsling vil liggja føre før arbeidet vert sett i gang. Eg har gyldig ansvarsforsikring i følge retningslinene pkt. 1.6 og 1.7 ja nei (kryss av)

Så vidt kommunen er kjent med ligg det følgjende type anlegg på gravestaden: Høgspenkabel, veglyskabel og fiber i tillegg til vassledning. Men det kan vere andre anlegg også, og dette må entreprenør undersøke.

Vi gjer merksam på at kommunen ikkje tillet at vegen vert stengt, ettersom det ikkje finst omkøyringsmoglegheiter.

Godkjend plan for arbeidsvarsling må liggje føre før arbeidet vert sett i gang.

Kommunen kan ikkje behandle søknaden før den er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert retta opp og sendt inn på ny til berit.eskeland@meland.kommune.no og postmottak@meland.kommune.no.

Venleg helsing

Berit M Eskeland
Prosjektrådgjevar
Plan, utbygging og kommunalteknikk

Tlf: 56 17 11 68
Sentralbord 56 17 10 00
postmottak@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)